

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i påsketida - 26. april 2015

Preiketekst: Jes 43,16-21

Lesetekst I: Åp 2,1-7

Lesetekst II: Joh 13,30-35

Kven handlar preiketeksten om?

Då dette tekstavsnittet skal lesast på gudstenester der det stort sett berre er heidningkristne til stades, er det fort gjort å tenkja at preiketeksten handlar om kva Gud gjer med "dei kristne". Hadde tekstkommisjonen definert preiketeksten til å ta til nokre vers før og slutta nokre vers etterpå, hadde det vore tydelegare for gudstenestegjengarane at teksten handlar om kva Gud gjer med Israel, det etniske Israel. "Israel" og "Jakob" er nemde både i v. 15 og i v.22, men tekstkommisjonen valde å definera teksten frå v.16 til v.21. Sjølv om det er legitimt å lesa delar av bibelen på gudstenester (det ville vera heilt uoverkommeleg å lesa heile Bibelen på kvar gudsteneste) er det einkvar forkynnar sitt ansvar å tolka og å forkynna tekstavsniitta ut frå den samanhengen dei står i Bibelen.

Kven er folket?

Det står "mitt utvalde folk" (v.20) og "Mitt folk, som eg har forma, skal forkynna min pris" (ei betre omsetjing kan vera: "Dette folk forma eg for meg, min pris skal dei forkynna" v.21). Kven er dette folket? Ut frå teksten og samanhengen kan det ikkje sikta til nokon annan enn Israels folk, dvs det etniske Israel.

Er det viktig å halda fast på sjølve ordlyden i bibelteksten? Er det ikkje legitimt å seia at sidan Gud lova Abram at "[i] deg skal alle slekter på jorda velsignast" (Gn 12,3) så kan alle ikkje-jødar "tolka seg inn i" dei som skal få oppleve alle nye tinga som spirar fram (v.19)?

Det er Guds overraskande nåde at etterkomarar av tor- og odindyrkarar som var "utestengde frå borgarrett i Israel, framande for paktene og lovnaden, ja utan håp og utan Gud i verda" (Ef 2,12) faktisk fekk lov til å bli inkludert hos Gud. Det er inga sjølvstakt sak. Held vi ikkje fast på teksten i den samanhengen den står i, blir nåden fort sjølvstakt.

Velsigninga og forbanninga

Ei anna utfordring ved å tolka "mitt utvalde folk" (v.20) som om det skulle handla om "døypte nordmenn". er at domsorda i v.22-28 rettar seg til det same folket som i v.20. Kyrkjehistoria har mange døme på at dei heidningkristne prøver å stikka av med velsigninga, mens forbanninga blir plassert hos det jødiske folket. Kven er det som plaga Gud i vers som "Du plaga meg berre med syndene dine og sleit meg ut med ugjerningane dine" (v.24)? Eller kven siktar følgjande vers til? "[E]g overgav Jakob til bann og Israel til hån" (v.28b). Få kyrkjegjengarar vil her tolka "Israel" som at det gjeld heilt vanlege døypte nordmenn. Kvifor opplever mange nordmenn og andre heidningekristne det meir naturleg å tolka seg inn som utvald i vers 20 enn i vers 28?

Samanheng

Kyrkjefar Johannes Chrysostomos (347-407) sine ord om at Gud hatar jødane og at det er ein kristenplikt å hata dei, kan tena som ein vekkar for kvifor det er viktig å lesa og tolka teksten i sin samanheng. Det er i første rekke bibelteksten i sin samanheng som skal forkynnast. Bibeltekstar skal ikkje rivast ut av sin samanheng på preikestolen.

Dei tverre vendingane mellom nåde og straff

Det er fleire tverre kast i Jes 43 og 44. Trøyst og oppmuntring til Israel i 43,1-7. I neste avsnitt, 43,8-13 blir Israel kalla "folket som er blindt endå dei har auge" (v.8). Nettopp dette folket, Israels folk, er Guds vitne overfor folkeslaga (v.9-10). I 43,14-15 lovar Gud å bryta ned Babel "for dykkar [Israel] skuld" (v.14). Så kjem preiketeksten i 43,16-21 der Gud lovar noko nytt for folket sitt [Israel] slik at folket [Israel] skal forkynna hans pris. 43,22-28 har nokre sterke domsord (med unntak av v.25) slik at ein nesten kan få inntrykket av at Gud er lei av folket sitt og har tenkt å overgje dei. Så kjem Jes 44,1-8 der Jakob (Israel) ikkje skal vera redd fordi Gud er med og skal velsigna dei så mykje at "Israel" skal vera eit heidersnamn (v.5) og Gud vil stå fram som den einaste (v.8).

Det at nåde og oppstramming er så tett samanvevd i det same tekstavsnittet svarar godt til korleis apostelen Paulus (han var jøde sjølv) skriv at "herlegdom, ære og fred" er til jøde først (Rom 2,10), "[n]aud og angst" òg er for jøde først (Rom 2,9), og ikkje minst at evangeliet om frelse er for jøde først (Rom 1,16).

Sjølvsagt?

Dersom forkynnaren utelukkande studerer Jes 43,16-20 i forkant av preika kan dei gode orda fort oppfattast som Guds sjølvsagte veg med mennesket. Dersom heile avsnittet i Jes 43,1-44,8 får klinga med, vil dagens preiketekst framstå som *eit under av godleik* mot Israel. Guds evne til å stå fram som den einaste som er verd lov og pris, både hos Israel og hos heidningefolka, blir mykje meir både underfull og tydeleg.

For dei av oss som er av heidningeætt, og som er invitert inn og poda inn (Rom 11,24) i etterkant, blir dette òg eit tydeleg signal: Står Gud for kva han har lova Israel, på trass av alt som ikkje har fungert i Israel, så vil Gud vera trufast mot meg òg.

Til sjølve teksten:

Påminning om kva Gud har gjort v.16-17

Då dette blir skriva (uavhengig av forfattarteori), er israelsfolket *ikkje* i ein god og trygg situasjon. Stormaktene trugar og det er mykje avgudsdyrking i folket. Akkurat då det sakleg sett er som mest grunn til å frykta og fortvila, då bør Israel hugsa på kva som skjedde med Farao og egyptarane ved Sivhavet.

Guds fortsatte gjerning v.18-19a

Det som har skjedd før blir som ingenting å rekna når Gud skaper nye ting. Gud stikk ut og hever lista for seg sjølv. Det som skal skje er i kontinuitet med det Gud har gjort før. Dessutan er Gud i kontinuitet med seg sjølv. Likevel: Gud lovar ting skal skje som sprengjer rammene for det som ein gong var.

Naturfornyng 19a-20a

Dei store og nye tinga som Gud lovar er her skildra som naturfornyng. Det er ikkje urimeleg å spørja om elvane i øydemarka er symbolsk meint, men det er lite i sjølve teksten som tyder på "symbolske elvar i øydemarka". Sml òg Dt 28,9-14; Jes 11,1-10; Jes 35,1-10; Am 9,13-15; Matt 11,2-6 og Rom 8,19-22 for perspektiv på Guds vilje og evne til å fornya naturen.

Er dette oppfylt i dag? Det er vanskeleg å sjå for seg at tilbakekomsten frå eksilet i Babel skulle oppfylla denne fornyinga (sml Esra 3,12 og Neh 1,3-4) og makkabeartida passar heller ikkje inn. Israelsfolket sin retur til landet i modrne tid har rett nok medført eit langt mykje grønarare land enn

det var i ottomansk tid (ca 1500 til 1917), men likevel: det er mykje som skal forandrast før vers 19a-20a kan seiast oppfylte.

Det er viktig å sjå naturfornyinga i to perspektiv: 1) Det messianske, dvs det er berre Messias som kan oppretta det folket sjølv ikkje klarer, og 2) Det kosmiske, dvs dette er ikkje snevert nasjonalistisk, sidan Israels folk skal forkynna Guds pris (v.21, sml òg Jes 11,10).

Guds omsorg for folket sitt 20b

Kvifor lovar Gud "noko nytt"? Svaret i teksten er "så mitt utvalde folk kan få drikka". Dette har Gud gjort før: Ex 17,1-7 og Nm 20,1-13. Legg særleg merke til at den siste gongen fekk folket drikka på trass av at leiaren deira, Moses, var ulydig mot Gud.

Det som skal skje blir større enn underet med vatnet i ørkenen. I lys av versa rett etter teksten vår (43,22-28) er det tydeleg at Moses ikkje var den siste i folket som var ulydig mot Gud. Likevel: Gud bryr seg om folket sitt, det utvalde folket sitt. Gud er trufast (sml Rom 3,1-4a; 2 Tim 2,13). Dei tverre vendingane i Jesajateksten mellom velsigningar og straff forsterkar seg fram imot Jes 52,13-53,12, der straff og lækjedom blir knytta saman i dei same versa, t.d. v.5 og 10. Ein Messias som kunne bera straffa og samtidig bli til velsigning for folket sitt.

I ein heidningekristen kontekst kan Guds omsorg for israelfolket fort gjera oss misunnelege. Kvifor valde Gud ut Israel og ikkje folket mitt? Sjølv om dette ikkje er tematisert i preiketeksten, høyrer det til samanhengen at så lenge Gud er trufast mot Israel, seier det noko om at Gud òg er trufast mot alle folkeslaga som er invitert til å tru på han (sml Gn 12,3; Sal 117; Ef 2,13). Hadde Gud ikkje tenkt å halda lovnaden han gav til Abram, så ville seinare lovnader til andre folkeslag heller ikkje hatt verdi.

Grunnen til at Gud valde ut folket sitt v.21

Gud har ein vidare hensikt med å velja ut Israel. Gud forma eit folk for seg, eit folk med hensikten at dei skulle bli Gud til ære. Sjølve namnet "Juda" (som ordet "jøde" er henta frå) har same rot som "å takka". Gud gir seg ikkje før folket han har forma forkynner hans pris. Dette sjølv om vi veit at fleirtallet av dagens israelarar er sekulære i retning av ateistar.

Også dei andre

Det å "forkynna min pris" har ei utvida meining òg. Måten Gud viser seg trufast mot folket sitt og lovnadene er i seg ei forkynning for alle folkeslaga (sml Ex 19,5-6; Dt 26,18-19; Jes 43,10-13; Esek 36,22-23). Då Gud sende Messias til israelfolket, dei omskorne (ja, Jesus kom først og fremst til Israel), var det fordi Gud held lovnadene sine (Rom 15,8). Nettopp det at Israel fekk sin Messias skjedde fordi at "heidningefolka skal prisa Gud for hans miskunn" (Rom 15,9-12).

Andreas Johansson

Teolog, Den Norske Israelmisjons stedlige representant i Israel.

nmci.israel.representative@gmail.com